

# Jodtablettar ved atomulykker

**Er du under 40 år, gravid, ammande eller har heimebuande barn? Då råder vi deg til å ha jodtablettar heime. Tablettane kan gi vern mot radioaktivt jod ved atomulykker, og skal berre takast etter råd frå myndigkeitene.**

## Kvifor ta jodtablettar?

Ved ei atomulykke kan radioaktivt jod bli spreidd via lufta og bli tatt opp i skjoldbruskkjertelen når ein pustar inn forureina luft og/eller tar til seg forureina mat og drikke. Jodtablettar blokkerer opptaket av radioaktivt jod i skjoldbruskkjertelen og reduserer risikoen for å få kreft i skjoldbruskkjertelen. Jodtablettar beskyttar berre mot radioaktivt jod, og ikkje mot andre radioaktive stoff.

Råd om å ta tablettane vil ofte bli gitt saman med råd om å opphalde seg innandørs i opptil 2 døgn. Det er derfor viktig å ha tablettane lagra heime.

## Når skal ein ta tablettane?

Tablettane skal berre takast etter råd frå myndigkeitene. I tilfelle ei atomulykke vil råd bli gitt gjennom media, relevante myndigheiter og [www.dsa.no](http://www.dsa.no).

## Kven skal ta jodtablettar?

Det er spesielt viktig at barn og unge under 18 år, gravide og ammande tar tablettane fordi dei har størst risiko for å få kreft i skjoldbruskkjertelen etter å ha blitt utsette for radioaktivt jod. Det kan i heilt særskilde situasjonar også vere aktuelt med tabletтар for vaksne mellom 18 og 40 år. Dei over 40 år har svært liten risiko for å få kreft i skjoldbruskkjertelen, og treng ikkje ta jodtablettar. Personar som har operert bort skjoldbruskkjertelen, treng ikkje å ta jodtablettar.

Myndigkeitene vil gi meir råd om kva for grupper av befolkninga som skal ta tablettane ved ei atomulykke.

Oppbevar  
infoarket saman  
med Jodix-  
tablettane

**NB!** Jodtablettar ved atomulykker (Jodix) må ikkje forvekslast med kosttilskot med jod. Treng du dagleg kosttilskot med jod, f.eks. ved graviditet, så spør på apoteket etter dette.

# Kor mykje skal ein ta av Jodix (130 mg)?

**Alle over 12 år, gravide og ammande: 1 tablette (= 130 mg)**

Tabletten skal svelgast med rikeleg vatn eller anna drikke.

**Barn 3–12 år: ½ tablette (= 65 mg)**

Del Jodix-tabletten i to. Gi barnet den eine halvdelen. Skal svelgast med rikeleg vatn eller anna drikke. Ved behov kan tabletten tyggast eller blandast ut i vatn. Gi rikeleg med drikke etterpå.

**Barn 1 måned–3 år: ¼ tablette (= 32,5 mg)**

Del Jodix-tabletten i fire. Den eine fjerdedelen skal tyggast eller knusast og slik at ein kan gi det på ei skei med yoghurt, syltetøy eller annan halvfast mat, eller skal blandast ut i vatn. Ved utblanding i vatn: Legg den eine fjerdedelen i eit glas, tilsett litt vatn og rør rundt i ca. 2 minutt. La barnet drikke dosen. Gi rikeleg med drikke etterpå.

**Barn under 1 månad: 1/8 tablette (= 16,25 mg) oppløyst i drikke**

1. Del Jodix-tabletten i fire.
2. Legg den ene fjerdedelen i eit glas.
3. Tilsett 5 ml vatn i glaset. Bruk sprøyte til å måle opp (viss du ikkje har sprøyte, tilsett 2 teskeier med vatn). Rør rundt i ca. 2 minutt, tabletten løyser seg ikkje heilt, men det er greitt.
4. Barnet skal berre ha halvparten av 5 ml: Trekk ut 2,5 ml av løysinga med sprøyte (viss du ikkje har sprøyte, fyll 1 teskei med løysinga) og gi berre dette til barnet. Kast resten.
5. Gi barnet rikeleg med drikke etterpå.

Nødvendig utstyr: Doseringssprøyter får du kjøpt på apotek, bruk ev. teskei.

Til barn gir ein den same dosen uavhengig om barnet blir amma eller ikkje. Det er normalt ikkje nødvendig å undersøke barnet hos lege etter å ha gitt jod, men er du i tvil om helsetilstanden til barnet, skal du oppsøke fastlege. Dette fordi det er litt auka risiko for lågt stoffskifte hos nyfødde (0–1 månad) som har fått jodtablett.

## **Bruk ikkje jodtablettar:**

- dersom du er allergisk overfor kaliumjodid eller nokon av dei andre innhaldestoffa i legemiddelet (lista opp i pakningsvedlegget)
- dersom du har betennelse i skjoldbruskkjertelen (thyreoiditt)
- dersom du har forstyrningar i skjoldbruskkjertelfunksjonen
- dersom du har dermatitis herpetiformis (Duhrings sjukdom)

Har du spørsmål om jodtablettar? Sjå [www.dsa.no](http://www.dsa.no).

Her finn du også informasjon på ulike språk.